

Fra boken "Husmannstid og husmannsfolk" av Arnfinn Engen, Dølaringen Boklag
2001. s. 12-13:

Husmannsvesenet

(...) ”Eit par måtar å løyse problemet som befolkningspresset skapte var altså garddeling og nyrydding. Men det som var alternativet for ein stor del av ungdomane som voks til i bygdene, var å bli husmann eller husmannskone. Dei kunne ikkje halde fram med å dele gardane i stadig mindre delar, og den dyrkbare jorda var sterkt avgrensa. Løysinga var da å finne eit levebrød på dei brukta som fanst. Trongen etter arbeidskraft var stor, og det galtdt å feste den ledige arbeidskrafta til garden. Ugifte folk kunne bli tenrarar som før. Men når arbeidarane gifta seg og stifta familie, var det upraktisk både for dei og bonden at dei heldt fram som tenrarar. Dessutan var det dyrt for bonden om han skulle fø på heile familien i hushald sitt. Da var det både rimelegare og betre å gi dei ein liten jordflekk å dyrke og bygge hus på slik at dei til ein viss grad kunne greie seg sjølve, mot at husbonden fekk nytte seg av arbeidskrafta deira.

Dette var opphavet til det utbreidde systemet med husmenn, eit system som stutt sagt løyste to oppgaver: På den eine sida å skaffe hus og levebrød til det store befolkningsoverskottet, på den andre sida å skaffe arbeidskraft til jordbruket.

Husmannsvesenet fanst over heile landet, men det var i visse strok det var spesielt sterkt utbreidd, først og fremst på Austlandet og dermed i Gudbrandsdalen. På Vestlandet og i Nord-Norge hadde dei andre næringar å ty til ved sida av jordbruket, slik som sjøen og fisket. Dermed kunne garddelinga gå mykje lengre, kvar kunne greie seg med mindre bruk. I Gudbrandsdalen kunne også gardane til ein viss grad delast, men storparten av befolkningsoverskottet måtte nøye seg med å bli arbeidskraft i form av husmenn på eksisterande bruk.” (...)